

## Johann Roppen

---

**Fra:** Johann Roppen  
**Sendt:** torsdag 26. november 2020 12:06  
**Til:** ALLE-Campus  
**Emne:** NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 42/2020, 26. NOVEMBER

### **NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 42/2020, 26. NOVEMBER**

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [jr@hivolda.no](mailto:jr@hivolda.no).

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

### **KORONA: FLEIRE SMITTA I VOLDA - UKJENT SMITTEKJELDE**

Volda kommune har informert om at det er fleire smitta i Volda dei siste dagane og at smittekjelde er ukjent i somme høve. Alle tilsette og studentar blir oppmoda til å følgje med både på Høgskulen og Volda kommunes nettsider der det er oppdatert og kvalitetssikra informasjon om korona.

[Koronainformasjon frå Volda kommune.](#)

[Koronainformasjon frå Høgskulen i Volda.](#)

### **LÅGARE SJUKEFRÅVÆR PÅ HØGSKULEN I VOLDA**

Sjukefråværet på Høgskulen i Volda har gått ned i 2020 og er i 3. kvartal nede i 3,3 % for høgskulen samla sett. I første kvart var samla sjukefråvær 8,6%, i andre kvartal gjekk det ned til 6,0% og altså ned til 3,3% i 3. kvartal. Det er normalt at sjukefråværet i 3. kvartal er lågare enn resten av året. I 2020 har det også statistikken vorte lagt om slik at ein ikkje kan samanlikne direkte med 2019. Sjukefråværet har gått ned på alle avdelingar og det er små skilnader mellom avdelingane i samla sjukefråvær i 3. kvartal. Statistikk over sjukefråvær vart lagt fram på møtet i Arbeidsmiljøutvalet på Høgskulen i Volda 24. november. [Her er informasjon om utvalet og sakspapir på nettsidene våre.](#)

### **UH-NETT VEST: MIDLAR TIL BARNEVERN SARBEID**

UH-Nett Vest har tildelt såkornmidlar for 2021, og har tildelt kr 200.000 til prosjektet "Styrking av fagleg skjønn i kommunalt barnevernsarbeid". Prosjektleiar er [professor Kåre Heggen](#), ASH. Deltakarane i nettverket kjem i tillegg til Høgskulen i Volda også frå Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Agder og Læringsnettverket for barnevernstenesta i Vestland og Møre og Romsdal. [Her er nettsidene til UH-Nett Vest.](#)

### **EKSAMEN: FLEIRE BER OM GRUNNGJEVING OG KLAGER PÅ EKSAMEN**

Våren 2020 var det nesten 1.000 studentar ved Høgskulen i Volda som bad om grunngjeving på karakteren sin, og 266 leverte klage på karakteren. Det er ca 40 prosent fleire enn våren 2019. Det var også ein auke forsinka eksamenskarakterar frå sensorane si side. Ca 21 prosent av eksamenskarakterane kom etter sensurfristen mot 14 prosent våren 2019. Desse tala går fram av eksamensevalueringa for våren 2020 i [sakspapira til Utdanningsutvalet.](#)

### **VAKSENDÅP PÅ GAMMALT INSTITUTT: INSTITUTT FOR RELIGION OG LIVSSYN (IRL)**

Instituttet har hatt mange namn og har ikkje vore redd for vaksendåp og dermed ta seg nye namn. Etter siste namnsetting er no det offisielle namnet: Institutt for religion og livssyn (IRL). Tidlegare var forkortinga RLK (Institutt for religion, livssyn og kyrkjefag), og den avstytinga finst både her og der i høgskulens mange system - men skal bli oppdatert. Og dei som har vore lenge på høgskulen hugsar nok også andre namn. For somme kan forkortinga "IRL" bety "In real life" - så det kan vere eit letthuska og offensivt namn på instituttet!

### **PERSONVERN KONTAKTAR PÅ AVDELINGANE**

Personvernarbeid er viktig og høgskulen har ei tid hatt [Cecilie Røeggen](#) som personvernombod. No har avdelingane også peika ut administrative kontaktpersonar om personvern på avdelingane: ASH: [Bjørn Tafjord](#), AMF: [Ingvild Anita Krogh](#), AKF: [Gunn Marit Lid](#) og AHL: [Tor Ose](#).

## **EKSAMENSNERVAR? FØRSTEHJELP Å FÅ!**

Også hausten 2020 vil voldastudentane få førstehjelp å få for å døyve eller forebygge eksamensnervar. [Les meir på nettsidene våre.](#)

## **BIBLIOTEKET GIR VIDEORETLEIING I BRUK AV KJELDER OG REFERANSAR**

Synest du referansar er noko herk? Vert du APATisk av tanken på kjeldelista? Då kan dei tilsette på biblioteket hjelpe deg. I biblioteket sin kjeldesorteringsstasjon i Zoom kan du som student få hjelp og rettleiing med kjeldene og referansane dine etter APA. [Les meir på nettsidene våre.](#)

## **TRASS I KORONA: TRADISJONELL ADVENTSKONSERT TORSDAG 26.11.2020**

Høgskulen i Volda har ein lang tradisjon for å helse Adventstida velkomen med den årlege Adventskonserten i Volda kyrkje. Torsdag 26. november kl. 19:00 vil det vere stemningsfull musikk å høyre framført av høgskulekoret, ulike ensemble og enkeltstudentar som tek årsstudium eller bachelor i musikk ved Høgskulen i Volda. Repertoaret spenner frå tradisjonelle julesongar til nyare stykke. Smittevernreglar vert tekne omsyn til. Gratis inngang, maks. 50 personar. [Les meir om konserten her.](#)

## **JULESTEMNING I KANTINA: NO ER DET KORTREIST JULEMAT Å FÅ!**

Kantina på høgskulen tilbyr julestemning ved å sette julemat på menyen. Både svineribbe og pinnekjøtt, naturlegvis. Og mykje av julematen er kortreist: Ca 200 meter frå velkjende Johs. Jacobsen kjøtt i Volda. [Les meir på nettsidene våre.](#)

## **VOLDAKORTET KAN OGSÅ BRUKAST PÅ BOKHANDELEN**

Akademika-bokhandelen opplyser om at dei har løyst nokre praktiske vanskar og at no kan Voldakortet brukast også i Akademika-bokhandelen i Aasen-huset. [Her er nettsidene til bokhandelen, blant anna med opningstider.](#)

## **SPØRJEUNDERSØKING OM SPRÅK: SVARFRIST 27. NOVEMBER**

Språkrådet har invitert "undervisningspersonell" ved Høgskulen i Volda og andre høgskular og universitet til å svare på spørsmål om språk i høgare utdanning. Undersøkinga vert gjennomført av Respons analyse, og det er altså berre fagtilsette som skal svare på undersøkinga og det kjem - eller har kome - invitasjon til undersøkinga i e-posten til tilsette på Høgskulen i Volda.

## **PUBLISERINGAR (1): SEND GJERNE TIPS!**

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert.

## **PUBLISERING (2) HOVLID OG SANDE LILLEBØ OM FORELDRE OG BARN I SOSIALE MEDIUM**

[Førsteamanuensis Ellen Hovlid](#), AMF, og [høgskulelektor Ingvild Sande Lillebø](#), ASH, har publisert artikkelen "[Foreldre og barn i sosiale medium - ein kommentar til HR-2019-2038-A](#)" i Tidsskrift for familierett, arverett og barnevernsrettslige spørsmål.

## **MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020-2021**

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

26.11.2020: [Møte i forskingsutvalet](#)

26.11.2020: [Adventskonsert](#)

10.12.2020: [Styremøte](#)

8.-12.2.2020: Internasjonal veke

18.-19.3.2021: Avdelingsseminar, ASH

## **LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA**

<https://www.hivolda.no/stilling>

## **REKTORBLOGGEN**

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

## HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av strømprøduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Mediehuset - nytt om huset og bilde av bygginga](#)

Med venleg helsing

**Johann Roppen**

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 47 28 64 23

[www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)

